

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 20.05.2020
SAKSHANDSAMAR: Øystein Hellesest/Sjur Olav Sandal
SAKA GJELD: **Langtidsbudsjett og investeringsplan 2021-2025**

ARKIVSAK: 2020/4293

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
28.05.2020

STYRESAK:
027/2020

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret syner til saksframlegget og vedtek langtidsbudsjettet for 2021-2025, med dei inntekts- og kostnadsrammer som går fram av tabellen under:

Resultatbudsjett (beløp i heile tusen)	Langtidsbudsjett					
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Basisramme	2 001 524	2 001 524	2 001 524	2 001 524	2 001 524	2 001 524
ISF eigne pasientar (inkl. kostn.krev. legem. utenf. sjukeh.)	723 215	723 459	723 702	723 946	724 189	724 433
Gjestepasientar	23 966	23 973	23 980	23 987	23 994	24 001
Polikliniske inntekter	42 374	42 391	42 408	42 425	42 442	42 458
Øyremerka tilskott	43 263	43 263	43 263	43 263	43 263	43 263
Andre driftsinntekter	164 782	164 798	164 815	164 832	164 849	164 866
Sum driftsinntekter	2 999 124	2 999 408	2 999 693	2 999 977	3 000 262	3 000 547
Kjøp av helsetenester	177 546	158 569	158 569	158 569	158 569	158 569
Varekostnader knytta til aktiviteten i føretaksgruppa	286 083	283 429	280 847	278 290	275 759	273 253
Innleigd arbeidskraft - del av kto 468	22 829	18 970	18 947	18 915	18 894	18 845
Lønn til fast tilsette	1 463 698	1 477 567	1 470 951	1 460 467	1 453 439	1 442 735
Overtid og ekstrahjelp	92 790	91 068	88 484	88 281	88 146	87 841
Pensjon inkl arbeidsgiveravgift	249 000	249 000	249 000	249 000	249 000	249 000
Offentlige tilskudd og refusjonar vedr arbeidskraft	-63 527	-63 527	-63 527	-63 527	-63 527	-63 527
Annen lønn	218 776	220 221	218 911	217 364	216 331	214 746
Avskrivningar	78 000	72 696	90 723	91 067	108 338	126 673
Nedskrivning	0	0	0	0	0	0
Andre driftskostnader	446 330	454 940	461 059	466 991	472 039	475 922
Sum driftskostnader	2 971 524	2 962 934	2 973 963	2 965 416	2 976 987	2 984 056
Driftsresultat	27 600	36 475	25 729	34 561	23 275	16 491
Finansinntekter	2 400	1 400	500	500	500	500
Finanskostnader	4 000	3 875	9 229	4 061	18 775	18 990
Finansresultat	-1 600	-2 475	-8 729	-3 561	-18 275	-18 490
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget	26 000	34 000	17 000	31 000	5 000	-2 000
EBITDA	102 400	104 222	98 993	118 506	95 062	106 183
Endring EBITDA		1 821	-5 228	19 513	-23 444	11 120

2. Styret syner til saksframlegget og vedtek investeringsplanen for åra 2021-2025 slik den ligg føre, men med atterhald om at investeringsramme og godkjenning av Nye Førde sjukehus skal handterast som eiga sak i styret.

1. Innleiing

Styret i Helse Vest RHF handsama i møte 18.06.19 sak 069/19 B Økonomisk langtidsplan 2020-2024. Det blei i denne saka fatta vedtak om ny rullering av langtidsbudsjett våren 2020 med sikte på å handsame langtidsbudsjettet for føretaksgruppa før sommaren 2020.

Helse Vest legg følgjande føringar til grunn for handsaminga av langtidsbudsjettet:

- Helseføretaka rullerer langtidsbudsjettet i perioden januar til mai
- Helse Førde sitt langtidsbudsjett blir styrehandsama 28.05.20
- Føretak som har styrebehandsaming etter fristen 08.05.20, kan ta atterhald om godkjenning i styret ved oversending til Helse Vest
- Utkast til styresak skal sendast til Helse Vest for gjennomgang og kvalitetssikring av føresetnader og føringar, før denne blir sendt til dei respektive styra
- Langtidsbudsjett for føretaksgruppa blir samanstillt i slutten av mai 2020
- Handsaming av langtidsbudsjett for føretaksgruppa i Helse Vest i styret 17. juni 2020

For å sikre lik tilnærming til langtidsbudsjett ber Helse Vest om at helseføretaka nyttar felles mal for talgrunnlaget og styresak både overfor eige styre og ved rapporteringa til Helse Vest. I budsjettprosessen har føretaket lagt vekt på involvering og forankring i organisasjonen, både av dei med resultatansvar og av tillitsvalde og vernetenesta. Prosessen er gjennomført ved at ein set rammer som klinikkane skal legge sine langtidsplaner innanfor. Koordinering av rammer og krav vert gjort av administrerande direktør i gjennomgang med klinikkdirektørane.

Helse Førde si viktigaste føring for langtidsbudsjettet er å sikre bereevne for nødvendige investeringar i bygg og utstyr.

For å sikre bereevne meiner administrerande direktør at Helse Førde må prioritere arbeid med:

- Effektivisering som følgje av investeringar og endra organisering, som må henge saman med framskriving av behov
- Implementering av regionale prosjekt med særleg vekt på informasjonsteknologi og uttak av dei gevinstane det gir
- Tilgang på rett fagkompetanse framover
- God og systematisk økonomistyring

I samband med utarbeiding av langtidsbudsjettet har Helse Førde, på lik linje med andre føretak, blitt påverka av Covid-19-pandemien. Elektiv aktivitet vart redusert frå fredag 13. mars for å førebu føretaket på Covid-19-pasientar. Frå 14. april starta arbeidet med å auke elektiv verksemd så mykje som mogleg.

Administrerande direktør forventar at pandemien vil påverke aktivitetsnivået til Helse Førde resten av året, men det er usikkert kor store økonomiske konsekvensar dette vil ha. I revidert nasjonalbudsjett frå 12. mai foreslår regjeringa å styrkje spesialisthelsetenesta med 5,5 milliardar. Dette er ei løyving til dei regionale helseføretaka, og det er uvisst korleis dette vil slå ut på kvart enkelt føretak. Helse Førde har hatt eit stort inntektstap som følgje av mindre aktivitet. Framover skal vi både behandle pasientar som kjem inn med covid-19, oppretthalde beredskapen for eit eventuelt større utbrot og få til så normal drift som råd. Det siste er vanskeleg for små føretak med knappheit på fagpersonell og færre avdelingar innanfor kvart fagområde.

Helse Førde går mot eit stort underskot i 2020, men så usikker som situasjonen er no er det heilt uråd å seie om løyvinga i revidert nasjonalbudsjett er stor nok. Administrerande direktør si vurdering er at dette i neste omgang vil kunne påverke enkelte postar i investeringsbudsjettet. Dette vil verte nærare vurdert i samband med årsbudsjettet for 2021.

2. Føresetnader for langtidsbudsjett

2.1 Økonomiske føresetnader

Alle tal i langtidsbudsjettet er i 2020-kroneverdi. Endringane i økonomiske tal kjem av real- og driftsendringar.

Som hovudprinsipp nyttar vi flytande rente i langtidsbudsjettet. For lån der vi har fastrenteavtale, nyttar vi fastrenta i den perioden vi har binding. Når fastrenteavtale går ut, er det nytta flytande rente. Helse Vest avgjer om renta skal bindast på investeringslån. Med bakgrunn i dette har Helse Vest fastsett at føretaka set renta i langtidsbudsjettet til 2,0 prosent i 2021, og med ei gradvis stigning til 2,4 prosent i 2025:

	2021	2022	2023	2024	2025
Renteprognose	2,0 %	2,1 %	2,2 %	2,3 %	2,4 %

Denne føresetnaden gjeld både for driftskreditt og investeringslån med flytande rente.

Resultatkravet under er sett for at Helse Førde skal kunne gjennomføre sine investeringsplaner. Større endringar samanlikna med førre langtidsplan:

- Lagt til grunn alternativ 3 for Nye Førde sjukehus med oppdatert framdriftsplan.
- Oppdatert i forhold til behov for investering i IKT og bidrag inn i regionale prosjekt.
- Behov for noko større budsjett knytt til fornying av medisinskteknisk utstyr.
- Kapitalutdeling frå HV i 2023 jf. styresak 129/19. Dette vil utgjere 234 millionar for Helse Førde og skal brukast til nedbetaling av gjeld.

Investeringar og aktivering av investeringar i rekneskapen varierer over år. For å få jamn fordeling av innsparingskrav for å sikre tilstrekkeleg bereevne er det variasjon i resultatkravet frå år til år.

Resultatkrav	2021	2022	2023	2024	2025
Overskot i tusen kroner	34 000	17 000	31 000	5 000	-2 000

2.2 Plangrunnlaget

Helse Førde yter spesialhelsetenester til innbyggjarane i Sogn og Fjordane med unntak av Gulen som får sine tenester frå Helse Bergen. Frå 01.01.2020 vart føretaksgrensa justert i samband med at kommunane Hornindal og Volda slo seg saman. Dette medførte at Helse Vest si årlege ramma vart redusert med omlag 20 millionar og i neste omgang at Helse Førde si ramme vart redusert med 15 millionar. I gamle Hornindal kommune var det kring 1200 innbyggjarar. Etter dette er det om lag 108 000 innbyggjarar i dei kommunane som er i Helse Førde sitt opptaksområde.

2.2.1 Utvikling i behov for tenester

Helse Førde skal gje trygge og nære helsetenester til befolkninga for dei vanlegaste lidningane. Samansetjing av sjukdom i befolkninga og kva sjukdommar som dominerer sjukdomsbiletet, er i endring. Det vil bli fleire eldre med kompliserte lidningar som vil ha trong for tverrfagleg behandling.

Sjukdommar som er venta å auke i åra framover, er muskel og skjelettlidingar, kreftsjukdommar, livsstilssjukdommar, infeksjonsrelaterte problem, psykiske lidningar og kroniske sjukdommar. Det er venta at nye medisinske metodar og teknologi vil gi betre og meir presis diagnostikk som vil redusere risiko for over- eller underbehandling.

Forventingane til helsetenestene aukar i takt med velstandsutviklinga i samfunnet og kva som kan behandlast. Det skjer ei stadig utvikling som gir eit gap mellom kva som er forventa, kva som kan behandlast medisinsk og kva ressursar som er til rådvelde for helsetenestene. Dette perspektivet må helseføretaket møte med auka fokus på rett medisinsk prioritering og rett ressursbruk.

I planperioden er det ikkje forventa større endring i folketalet for Helse Førde, dette basert på SSB si framskriving av folketalet. Auke i tal eldre vil gje ein liten vekst i aktiviteten, medan samhandlingsreforma føreset at fleire skal behandlast i kommunane. Det er såleis føresett ei årleg vekst i aktiviteten knytt til ISF-inntekt på 0,04%.

2.2.2 Nasjonale og regionale føringar

Dei fire kjerneoppgåvene til spesialisthelsetenesta er (jf. § 3-8 i spesialisthelsetenestelova):

- Pasientbehandling
- Utdanning av helsepersonell
- Forsking
- Opplæring av pasientar og pårørande

Ei rekke dokument gjev sentrale føringar for utvikling av spesialisthelsetenesta og utarbeiding av langtidsbudsjettet, som til dømes:

- Statsbudsjettet for 2020 gjev sentrale overordna føringar og viktige satsingsområde
- Ny Nasjonal helse- og sjukehusplan 2020-2023
- Helse 2035/Regional utviklingsplan 2019-2035
- Plandokumentet for Helse Vest og helseføretaka i årleg melding
- Styringsdokumenta til helseføretaka
- Intensjonane i samhandlingsreforma vil framleis gje viktige føringar for omstilling, oppgåve- og funksjonsfordeling mellom spesialisthelsetenesta og primærhelsetenesta

Føringane er tatt med i vurderinga når ein har sett på framtidig kapasitetsbehov samt behov for bygg og medisinskteknisk utstyr.

I 2019 starta bygging av nytt psykiatribygg (Dagabygget), som skal vere ferdigstilt i 2021. Dette er for å betre behandlingstilbodet på eit nasjonalt satsingsområde. Vi vil i det nye bygget lettare tilpasse behandlinga til dagens behov og dagens beste praksis.

Tidleg 2020 vart Prehospital plan handsama av styret. Ein arbeider no med ein eigen innføringsplan og rekkefølga for innføring av dei ulike tiltaka. Det er ikkje noko endring i budsjettet for prehospitala tenester, og gjennomføringa av planen skal skje innanfor budsjetttramma.

2.2.3 Helse 2035

Helse 2035 bygger på fire hovudtema:

- Pasientens helseteneste
Helse Førde har i samband med utbyggingsplanane hatt eige prosjekt for å sikre framtidsretta og gode tenester for pasientane i Sogn og Fjordane. Dette arbeidet held fram for å sikre at tenester og framtidige utbyggingar heng saman.
- Eitt helsevesen
Helse Førde arbeider tett mot kommunane i opptaksområdet for å sikre at pasientane vert behandla på rett nivå. Det varierer framleis noko mellom kommunane kva som vert behandla kommunalt og kva som vert behandla i spesialhelsetenesta. Arbeidet går i rett retning, og kommunane har i stor grad klart å bygge ut eigne tenester.

- Utvikling av helsetenestene
Helse Førde arbeider med å redusere tal liggedøgn og auke dagbehandlinga. I tillegg arbeider ein med å auke tal konsultasjonar på video. Bruk av video kan auke mellom sjukehusa samt mellom sjukehus og heimen til pasienten. Dette vil gi meir effektiv ressursbruk, og ein slepp å påføre pasienten ekstrabelastning med reise til sjukehuset.
- Medarbeidar, leiing og organisasjon
Helse Førde arbeider aktivt med å sikre rett tilgang på rett kompetanse i åra framover. Dette skjer gjennom utdanning av eigne tilsette og rekruttering utanfrå. Det vert viktig å få ein rett samansett kompetanse når det vert knappheit på fagpersonar, samt at ein vil få endra behov i tida framover.

Det er ei utfordring å klare dette innanfor rammene. Ein føreset i langtidsbudsjettet at ein vil klare å sikre rett kompetanse til den aktiviteten ein ventar framover.

2.2.4 Oppfølging av framtidige behov og føringar

Helse Førde vil arbeide aktivt for at pasientane skal få ei heilskapleg behandling til det beste for pasienten. Det skal skje innanfor Helse Førde sine rammes. Behandling skal skje med så effektiv ressursbruk som råd. Ein vil arbeide for at saumlaus behandling der primærhelsetenesta vert brukt aktivt. Det skal og vere saumlaus behandling mot universitetssjukehus der dette trengs. Helse Førde skal desentralisere dei tenester vi kan, og sentralisere dei vi må. Det gjeld både mot andre og internt mellom einingar i føretaket.

Ventetider og kapasitetsutnytting

Det er langtidsplanen lagt opp til at ein skal klare å ha gjennomsnittleg ventetid under 50 dagar innan 2021. Det er i tillegg lagt opp til å klare måltal om kortare ventetid innan psykisk helsevern. 35 dagar for psykisk helsevern for barn og unge (BUP), 30 dagar for tverrfagleg spesialisert behandling av rusmiddelproblem (TSB) og 40 dagar i psykisk helsevern for vaksne.

Vidare er det lagt inn mål om:

- Ingen fristbrot
- Ingen korridorpatientar
- Redusert median tal dag frå tilvising er mottatt, til behandling er starta
- Bruken av tentative timar skal avviklast
- Auke tal standardiserte pasientforløp i samsvar med nasjonale retningslinjer
- Framleis god samhandling med kommunane og vidareutvikling via helsefelleskapa
- Framleis god samhandling med andre helseføretak

Prioritere psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling

Første byggetrinn i prosjektet Nye Førde sjukehus er nytt bygg for psykiatri. Dette vil etter Helse Førde si meining gje betre helsetilbod for pasientar innafør psykisk helsevern. Psykisk helsevern for barn og unge i Sunnfjord og Ytre Sogn vil flytte frå leigde lokale i Førde til nybygget. I tillegg vil ein tilby tre tryggleikspostar i nybygget. For alle seksjonane vil ein i tillegg til betre lokale også komme nærare dei somatiske seksjonane det er naturleg å samarbeide med. Dette vil sikre betre samhandling i behandlinga av somatiske og psykiske sjukdommar.

Betre kvalitet og pasientsikkerhet

Gjennom systematisk arbeid i pasientens helseteneste samt gode fysiske lokalitetar, sikrar ein god kvalitet på behandlinga. Helse Førde følgjer til ei kvar tid opp alle tenester i føretaket, for å sikre god kvalitet i alle ledd. I planen for dei næraste åra ligg det i tillegg til Nye Førde sjukehus inne planar om å gjennomgå behova ved Lærdal sjukehus. Det vert sett både på fysiske lokale og tenestetilbodet.

Implementere fleire pakkeforløp

Det vert arbeidd med fleire pakkeforløp både i somatikk og innanfor psykisk helsevern. Arbeidet vil fortsette i åra framover. Det er viktig for å Helse Førde å trekke på den kunnskapen som er opparbeidd ved bruk av pakkeforløp, spesielt innanfor kreft.

Samarbeid med kommunane om tidleg hjelp og heilskaplege tenester

Helse Førde har lagt ned mykje arbeid i å få til god samhandling med kommunane, og ønskjer å styrke dette samarbeidet i tida framover. Etablering av helsefelleskap vil krevje endå tettare og meir forpliktande samarbeid med kommunen, mellom anna om prioriterte pasient/brukargrupper og ved vidareutvikling av samarbeid om den akuttmedisinske kjeda.

Det vil bli arbeidd med at alle pasientar som treng komplekse eller langvarige og koordinerte tenester, vil få oppnemnd koordinator. Arbeidet er starta, men ikkje fullført.

Anna viktig samarbeid framover

Det er viktig for Helse Førde å ha god oppgåvefordeling også mot universitetssjukehus (HUS), andre helseinstitusjonar og private avtalespesialistar. Dette skal sikre innbyggjarane i Sogn og Fjordane rett behandling til ei kvar tid.

Helse Førde vil aktivt samarbeide med universitets- og høgskulesektoren (UH) om utdanning av helsepersonell. Når det gjeld legar og anna spesialisering er det viktig med godt samarbeid med Universitetet i Bergen og m.a. Helse Bergen. Når det gjeld å sikre tilgang på anna helsepersonell, er eit godt samarbeid med Høgskulen på Vestlandet eit viktig og avgjerande bidrag. Samarbeid med fylkeskommunen om lærlingar og elevar frå vidaregåande skular er også sentralt. Samarbeidet med UH-sektoren er vidare sentralt for forskning og innovasjonsaktiviteten i føretaket, og i samarbeidet om innovasjon vert i tillegg næringslivet stadig viktigare.

Helse Førde arbeider òg aktivt for å sikre likeverdige og saumlause tenester innanfor føretaket. All den tid føretaket er lokalisert på fleire geografiske plassar, er det viktig å bygge opp om felles kultur og samhold. Vi skal ha «ei dør inn,» sjølv om pasientane fysisk møter på ulike stader. Virtuelle løysingar (videomøte, digital samhandling) som kan støtte opp om fagleg samarbeid, blir difor stadig viktigare.

2.2.5 Personell og kompetanse, bygg, MTU, teknologi og anna viktig infrastruktur

Personell og kompetanse

Den medisinskfaglege og teknologiske utviklinga i spesialisthelsetenesta endrar krav til kompetanse og kompetansesamansetjing i føretaket. Det er kritisk viktig for at Helse Førde skal tilby rett og god behandling at helsepersonell i framtida har kunnskap, ferdigheiter og haldningar som bidreg til effektive helsetenester. For å møte utfordringane er det nødvendig å tenke nytt både om utdanning, rekruttering, oppgåvedeling, kompetanseutvikling, tverrfagleg samarbeid og måten ein nyttar ressursane på.

Utviklingstrekk i samfunnet viser at det innan helse- og omsorgstenesta kan bli store kompetanse- og personalmessige utfordringar i dei næraste ti åra. Utfordringa vil i hovudsak vere knytt til rekruttering av tilstrekkeleg tal sjukepleiarar, spesialsjukepleiarar, helsefagarbeidarar, bioingeniørarar og legespesialistar innan enkelte spesialitetar. Med fleire behandlingsstader og mindre folkesetnad er det utfordrande til ei kvar tid å ha tilstrekkelig fagpersonell og spesialistar til å dekke opp vaktordningar som vert kravd.

Langtidsplanane legg opp til noko redusert bemanning, då ein skal bruka noko meir av dei økonomiske ressursane på investering i bygg og utstyr. Dette blir ei stor utfordring, fordi ein samtidig må skaffe ny kompetanse på enkelte område.

Bygg

Nye Førde Sjukehus er vedteke med ei kostnadsramme på 1,52 milliardar 2015-kroner. Kostnadsramma er i 2020 kroner 1,733 milliardar. I styresak 20/2020 fekk administrerande direktør løyve til arbeide vidare med og optimalisere alternativ 3, samt at kostnads målet var auka med 70 millionar til 1,803 milliardar. I tillegg er det planlagt investeringar i Lærdal, samt andre mindre investeringar på bygg.

Helse Førde set krav til at einingar som får nye bygg, skal redusere sine driftskostnader. Reduksjonen i kostnader vil variere alt etter kor lite effektive dagens bygningar er, samt om det nye arealet legg til rette for effektivisering. Vurderingane som ligg inne i langtidsbudsjettet for næraste fem åra, er i den nedre delen av det ein forventar. Det vert fortløpande arbeid med å få lokala tilpassa slik at vi får lågast mogleg driftskostnadar i framtida. Innsparingane kan bli større enn det som no ligg inne.

Medisinskteknisk utstyr

Helse Førde arbeider med å ha så låge investeringar til medisinskteknisk utstyr som mogleg i dei åra ein investerer i bygg. I prosjektet Nye Førde sjukehus ligg det inne kjøp av utstyr, dette fordi det ofte ikkje er føremålstenleg å flytte gammalt utstyr ut frå store kostnader med demontering og montering. Det er derfor betre å ta ut levetida i gamle lokale og så kjøpe nytt når ein flyttar inn i nytt bygg.

Samstundes akselererer utviklinga innan teknologi og krev at ein investerer i tide. Medisinskteknisk utstyr smeltar i aukande grad saman med elektronisk pasientjournalssystem og digitale verktøy. Innføring av regionale prosjekt som KULE og ODA involverer i stor grad medisinskteknisk utstyr. Byggutviklinga krev at ein tenkjer framover og syter for at grunnstrukturen for t.d. 5G og trådløs wifi er tilgjengeleg for alle. Dette er også viktig når ein skal monitorere pasientar i heimen. Heimesjukehus vil bli stadig meir aktuelt framover og inneber at pasienten har medisinsk teknisk utstyr heime. Det er etablert ei ressursgruppe for teknologi som skal følgje med på og samordne behova inn mot Nye Førde sjukehus.

Når det gjeld kjøp av ambulansar forsøker Helse Førde å ha ei jamn utskifting over tid. Dette gjev god økonomi og enkel, føreseieleg administrasjonen for einingane. Fornyng av bilparken har blitt noko forseinka som følgje av nasjonal anbudsprosess. Administrerande direktør følgjer dette opp.

Teknologi og anna viktig infrastruktur

IKT er eit av dei store satsingsområda i helsetenesta både nasjonalt og regionalt. Investeringsnivået stiller krav til helseføretaka, som skal ta i mot og implementere IKT-løysningar. Investeringsnivået gjev høgare driftskostnader for helseføretaka i form av drift, forvaltning og avskrivningar. IKT-løysingane vil òg gje gevinstar på arbeidsprosessar, pasienttryggleik og bemanning. Det er difor særskilt viktig å ha høgt fokus på gevinstrealisering. Ansvar for gevinstrealisering er lagt til linjeleiinga.

I dei næraste åra planlegg ein mellom anna å implementera følgjande IKT-system:

- Pasientflyt og ressusar (Imatis), som er ein del av Alle Møter sitt delprosjekt Vel møtt
- Overgang til DIPS Arena (ODA-prosjektet)

Det er også attståande implementeringsaktivitet knytt til følgjande prosjektinnføring:

- Alle møter – fleire delprosjekt, som Innsjekk og betaling, Finne fram, Vel møtt, Vel heim, Vestlandspasienten.
- KULE (Kurve og legemiddel)
- LIBRA (Logistikk, Innkjøp, Budsjett, Rekneskap, Anskaffing)

Det er også nye prosjekt under planlegging som vil komme dei neste åra, mellom dei:

- Felles laboratoriesystem
- Digitalisering av sterilsentral
- Prehospital EPJ

I tillegg kjem nasjonale initiativ.

Føretaket har dei siste åra etablert eit velfungerande team av prosjektleiarar som sørgjer for ei god lokal innføring av dei regionale IKT-prosjekta. I tillegg er det allokert ressursar til å ivareta eigar sine krav om

lokalt arkitektorkontor og lokal porteføljestyring. I samarbeid med linja vert det laga planar for effektiv bruk av nytt verktoy. Dette gjev gevinstar i linja som skal dekke innføringskostnaden for Helse Førde.

3. Langtidsbudsjett 2021-2025

Langtidsbudsjettet tek utgangspunkt i budsjettet for 2020. Alle tal i langtidsbudsjettet er i 2020-kroneverdi. Alle endringar i tal er basert på reelle endringar og ikkje prisendringar.

Resultatbudsjett (beløp i heile tusen)	Langtidsbudsjett					
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Basisramme	2 001 524	2 001 524	2 001 524	2 001 524	2 001 524	2 001 524
ISF eigne pasientar (inkl. kostn.krev. legem. utenf. sjukeh.)	723 215	723 459	723 702	723 946	724 189	724 433
Gjestepasientar	23 966	23 973	23 980	23 987	23 994	24 001
Polikliniske inntekter	42 374	42 391	42 408	42 425	42 442	42 458
Øyremerka tilskott	43 263	43 263	43 263	43 263	43 263	43 263
Andre driftsinntekter	164 782	164 798	164 815	164 832	164 849	164 866
Sum driftsinntekter	2 999 124	2 999 408	2 999 693	2 999 977	3 000 262	3 000 547
Kjøp av helsetenester	177 546	158 569	158 569	158 569	158 569	158 569
Varekostnader knytta til aktiviteten i føretaksgruppa	286 083	283 429	280 847	278 290	275 759	273 253
Innleid arbeidskraft - del av kto 468	22 829	18 970	18 947	18 915	18 894	18 845
Lønn til fast tilsette	1 463 698	1 477 567	1 470 951	1 460 467	1 453 439	1 442 735
Overtid og ekstrahjelp	92 790	91 068	88 484	88 281	88 146	87 841
Pensjon inkl arbeidsgiveravgift	249 000	249 000	249 000	249 000	249 000	249 000
Offentlige tilskudd og refusjonar vedr arbeidskraft	-63 527	-63 527	-63 527	-63 527	-63 527	-63 527
Annen lønn	218 776	220 221	218 911	217 364	216 331	214 746
Avskrivningar	78 000	72 696	90 723	91 067	108 338	126 673
Nedskrivning	0	0	0	0	0	0
Andre driftskostnader	446 330	454 940	461 059	466 991	472 039	475 922
Sum driftskostnader	2 971 524	2 962 934	2 973 963	2 965 416	2 976 987	2 984 056
Driftsresultat	27 600	36 475	25 729	34 561	23 275	16 491
Finansinntekter	2 400	1 400	500	500	500	500
Finanskostnader	4 000	3 875	9 229	4 061	18 775	18 990
Finansresultat	-1 600	-2 475	-8 729	-3 561	-18 275	-18 490
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget	26 000	34 000	17 000	31 000	5 000	-2 000

Utvikling i resultatrekneskapen er basert på venta utvikling i åra framover. Det er stilt krav til klinikkane om innsparing som følgje av planlagde investeringar og prosjekt. I tillegg har klinikkane fått generelle innsparingskrav som må gjerast innanfor dagens budsjett.

Endring inntekter er gjort ut frå føresetnadene om auke i pasientbehandlinga. Det er auke i ISF-inntekter og andre inntekter som vesentlig er eigendel betalt av pasient eller Helfo.

Det er venta reduksjon kjøp av helsetenester, då ein i nybygg psykisk helsevern planlegg med tryggleikspost. Desse pasientane er i dag i andre helseføretak, og Helse Førde betaler for desse tenestene.

Varekostnader er redusert med 12,8 millionar. Dette er forventa gevinst knytt til LIBRA og andre IKT-prosjekt, samt betre avtaler og oppfølging av leverandørar gjennom Sjukehusinnkjøp. I tillegg er det satt i gang eit prosjekt for oppfølging av medikament, og då særleg H-resept.

Helse Førde skal dei næraste fem åra redusere personalkostnader med ca. 34 millionar kroner, noko som utgjer 1,7 prosent av samla personalkostnader. Oppstart av tryggleikspost i 2021 gjev 19,5 millionar ekstra i personalkostnader kvart år. Den reelle innsparinga i personalkostnader er dermed 53,5 millionar kroner. Reduksjonen i personalkostnader er såleis på 2,7 prosent. Dette gjev Helse Førde store utfordringar dei næraste fem åra, då vi på same tid skal styrke pasientbehandlinga.

Det er lagt til grunn at ein skal redusere driftskostnadene med minimum 19 millionar i samband med Nye Førde sjukehus, i hovudsak knytt til meir effektive arbeidsprosessar og dermed reduserte lønskostnader. Dette saman med innføring av nye IKT-system og kontinuerleg fokus på effektiviseringstiltak i klinikkane, er ein viktig del av arbeidet for å nå målet om reduserte personalkostnader.

Andre driftskostnader aukar i perioden og heng saman med at Helse Førde sine kostnader til IKT. Oversikta for Helse Vest IKT sitt langtidbudsjett gjev følgjande vekst i kostnadene framover.

Målt mot 2020 (I tusen kr)	2021	2022	2023	2024	2025
Helse Vest IKT	9 828	15 585	18 211	27 035	28 875

Avskrivningane aukar framover i takt med at ein ferdigstiller byggeprosjekt.

Målt mot 2020 (I tusen kr)	2021	2022	2023	2024	2025
Avskrivningar	-5 304	12 723	13 067	30 338	48 673

Finanskostnader aukar framover i samband med ferdigstilling av nye byggetrinn i Nye Førde sjukehus.

Målt mot 2020 (I tusen kr)	2021	2022	2023	2024	2025
Finansresultat	-875	-6 255	5 168	-14 714	-215

4. Investering og finansiering

4.1 Kontantstraum for å dekke investeringar

Helse Førde sitt langtidbudsjett gjev høve til å investere vesentlege beløp i varige driftsmidlar. Helse Førde har negativ bereevne i åra 2020 til og med 2022, og positiv bereevne i åra deretter. Helse Førde må difor låne bereevne frå Helse Vest i åra 2020 til 2029.

Kontantstrøm til å dekke investeringar:

Beløp i heile tusen kroner	2020	2021	2022	2023	2024	2025	Utvidet LTB periode ved store investeringar				
							2026	2027	2028	2029	2030
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget	26 000	34 000	17 000	31 000	5 000	-2 000	588	8 467	-2 656	-3 782	2 089
+ Avskrivning/nedskrivning	78 000	72 696	90 723	91 067	108 338	126 673	128 506	129 773	141 223	151 883	154 918
= Kontantstrøm fra driften	104 000	106 696	107 723	122 067	113 337	124 673	129 094	138 241	138 568	148 101	157 007
- Resultatawk 2019	0										
+ Nedskrivning 2019	0										
+ Opptak av nye lån	174 410	200 000	160 000	140 000	100 000	61 640	63 700	19 350	0	0	0
- Avdrag lån	-11 370	-11 370	-16 324	-250 440	-14 946	-21 307	-21 617	-17 805	-20 174	-23 942	-24 445
- Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT	-15 142	-9 152	-8 452	-9 515	-5 226	-5 501	-4 001	-2 501	-1 001	499	1 999
+ Salg av anleggsmidlar	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
+ Gaver	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
+/-Overføring av likviditet fra 2019	21 624										
+/- annet (meir-/ mindreforbruk av låneopptak NFS)	-40	40 800	21 300	223 080	-1 300	40 560	0	350	0	0	0
Finansieringsgrunnlag investeringar	273 483	326 975	264 247	225 192	191 865	200 065	167 176	137 635	117 393	124 658	134 561

Investeringar (eksklusiv byggelånsrenter):

Beløp i heile tusen kroner	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030
Bygg - tilgjengelig ramme	266 900	363 600	274 600	200 000	158 600	161 600	106 600	73 600	58 600	15 600	15 600
Medisinteknisk utstyr	32 000	32 000	17 000	9 000	9 000	16 000	27 000	35 000	35 000	35 000	35 000
Anna	14 000	11 700	11 700	11 700	11 700	11 700	11 700	11 700	11 700	11 700	11 700
Sum investeringar	312 900	407 300	303 300	220 700	179 300	189 300	145 300	120 300	105 300	62 300	62 300

Avvik mellom investeringsplanar og finansielt grunnlag	(39 417)	(80 325)	(39 053)	4 492	12 565	10 765	21 876	17 335	12 093	62 358	72 261
Akkumulert avvik investeringsplan og finansielt grunnlag	(53 417)	(133 743)	(172 796)	(168 303)	(155 738)	(144 973)	(123 097)	(105 762)	(93 669)	(31 311)	40 950

Investeringsbeløpet er utan renter som skal aktiverast. Renter er medteke i oppstilling som viser investeringsplan nedanfor.

4.2 Investeringsplan 2021 – 2025

På investeringsplanen for dei kommande fem åra er investeringsbehovet særleg knytt til fem område:

- Nye Førde sjukehus – lokale for somatikk og psykisk helsevern
- Bygg infrastruktur
- Arealplan Lærdal sjukehus
- Medisinteknisk utstyr
- Ambulansar

Totalt er det i femårsperioden foreslått investeringar for 1 339,6 millionar. Administrerande direktør har følgjande framlegg til investeringsplan 2021-2025:

Investeringsplan for Helse Førde 2021-2025

Område	Investeringsområder (tal i millionar kroner)							Sum 5 år 2021-25
		2020	2021	2022	2023	2024	2025	
Nybygg/ ombygging	Brannsikring HF	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	5,0
	Bygg infrastruktur og funksjonsendring	10,1	11,6	12,6	14,6	16,6	14,6	70,0
	Arealplan LSH	6,7	7,0	2,0				9,0
	Nye Førde sjukehus - bygg og inventar	248,9	332,6	239,8	165,4	125,1	130,1	993,0
	Nye Førde sjukehus - MTU	0,2	11,4	19,2	19,0	15,9	15,9	81,4
	Nye Førde sjukehus - renter byggelån	7,9	9,9	9,5	13,4	2,2	4,7	39,7
	Sum nybygg/ombyggingar	274,8	373,5	284,1	213,4	160,8	166,3	1 198,1
Medisin teknisk teknisk utstyr	MTU	20,0	32,0	17,0	9,0	9,0	16,0	83,0
	Korona - nødvendig utstyr	12,0						0,0
	Sum medisin teknisk utstyr	32,0	32,0	17,0	9,0	9,0	16,0	83,0
IKT-investeringar	IKT infrastruktur	2,9	0,9	0,9	0,9	0,9	0,9	4,5
	IKT utstyr	1,1	0,8	0,8	0,8	0,8	0,8	4,0
	Sum IKT-investeringar	4,0	1,7	1,7	1,7	1,7	1,7	8,5
Andre investeringar	Ambulansar	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0	50,0
	Sum andre investeringar	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0	50,0
Sum investeringar		320,8	417,2	312,8	234,1	181,5	194,0	1 339,6

Nye Førde sjukehus

Helse Førde vedtok bygningsmessig utviklingsplan i 2015. Denne har vore og er framleis styrande for prioriteringane ved utarbeiding av langtidsbudsjettet. Investeringsplan er godkjent i Helse Vest og lånesøknad om nytt psykiatribygg og utbetring av Førde sentralsjukehus fekk startløyving i statsbudsjettet for 2017.

Tala som vert presenterte i langtidsbudsjettdokument byggjer på at styret godkjenner alternativ 3 med bygging av ny høgblock til sengepostar, Livabygget. Løysinga vert vurdert av administrerande direktør å best ivareta tilhøva for pasientar og for tilsette i byggetida. Alternativet gjev samstundes det beste sluttresultatet, med det største potensialet for å hente ut framtidige gevinstar innan kvalitet og økonomi.

Kostnadsramme for prosjektet er i styremøte den 23.03.2020 sett til 1,803 milliardar i 2020-kroner, som er ein auke på 70 millionar. Samstundes må administrerande direktør arbeide med planar for å eventuelt redusere kostnadene med 70 millionar. Rentekostnader nybygg er ikkje inkludert i finansieringsevne, då det vert lagt til lånet utanfor låneramma.

Bygg infrastruktur og funksjonsendring

Bygg og funksjonsendringar er prioritert med 75,0 millionar og skal dekke brannsikring og investeringsbehov som ikkje har eigne postar i investeringsplanen.

Arealplan Lærdal

Posten er prioritert med 25 millionar i perioden 2018-2022. Aktuelt no er etablering av ny dialyseining som skal stå klar over sommaren. Neste steg er planlegging av infusjonspoliklinikk. Midlane som er sett av vil og gå til utbetring av kritiske tekniske anlegg, samt til utbetring av vaktrom i avdeling for ortopedi.

Medisinskteknisk utstyr (MTU)

Samla er MTU tilgodesett med 164,4 millionar i planperioden. Av dette er 81,4 millionar knytt til investeringar i Nye Førde sjukehus. Av dei resterande 83 millionane er 20 millionar planlagt brukt til ny MR-

maskin ved Førde sentralsjukehus i 2021. Grunna dei svekka økonomiske resultatane som følgje av korona, vil rammene som no ligg for 2021 måtte vurderast på ny når situasjonen er meir avklart til hausten.

Det har vore nødvendig å investere i nytt utstyr i samband med koronapandemi, mellom anna ti intensiv respiratorar. Samla utgjør desse investeringane 12 millionar og er for ein stor del utstyr som ikkje erstattar andre planlagde investeringar i åra framover.

IKT

Det er sett av 8,5 millionar til IKT-investeringar i planperioden. Dette er eit minimum og kan bli endra noko på grunn av regionale prosjekt.

Ambulanse

Ambulansetenesta har rundt 34 bilar i operativ teneste. Det er plan om å skifte desse ut fortløpande. Det har vore vanskar med å få i stand ein nasjonal avtale for innkjøp av sjukebilar som høver for Helse Førde sin bruk- Dette gjer at vi per no har ubrukte løyvingar, og at vi har ein eldre bilpark enn optimalt.